

Martabu vert julebu i morgon

04.11.2011



Vertinna er glad for at hyllene tek til å fyllast

Martabu på Sanden får ein ny funksjon frå i morgon og 6 lørdagar til framover mot jul. Kjellaren som var butikk til på 1960-talet blir julebu og vertinne Gunn Mari Moberg kan lokka med både kaffe, brud og biteti i tillegg til varene på hyllene som tek til å bli velfylte. Ho er med rette imponert over kva uskedelingane kan, for her kan ein finna allskens gedigent handarbeid,



Uskedalingane er flinke strikkarar

Ho ramsar opp sokkar, selbuvottar, halsar og epleetuiar - det siste heilt klårt ein nyheit på marknaden. Vidare har ho mellom anna gyngestolar, juleljøs og ostehøvlar som er på veg inn.

- Eg satsar på å ha nye ting kvar gang, fortel vertinna som byr på ein riktig triveleg juleatmosfære med nissar i vindauga og lys på borda.

- Ein treng ikkje kjøpe noko, men gjer ein det går ein stor del til eit godt føremål som er hjartestartar i Aktivitetshuset, påpeikar Gunn Mari. I alle fall er dette kanskje bygdas nye, sosiale møteplass som finn ei rolle også på vinterstid.

Vertinnen lovar ellers at gjestene ikkje skl bli kalde på beina - oljeovnen er på plass!

Opningstida er frå 11 til 15

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kjem gjestane snart, undrar nissen